

Optimistiske elever ved Gjermundnes vidaregåande skule

# Ungdom med god tru på norsk landbruk

**Agronomelevar ved Gjermundnes vidaregåande skule har god tru på ei framtid for norsk matproduksjon.**

- Maten i Norge er ikkje dyr. Vi brukar lite av inntekta vår til mat, seier Sigurd Kjellstad frå Hellesylt.

BB - EDMUND MELKILD

Fleire av agronomelevane kjem frå gard og er inntilte på drive heimgarden vidare. Samtidig er dei klare på fleire ting som må leggst betre til rette for å rekruttere fleire unge til landbruket.

- Etableringskostnadene er veldig høge. Den økonomiske risikoen kan vere stor, seier Tone Hjørungdal frå Hareid.

- Det det må bli betre støtteordningar til bygging av nye driftsbygningar og nydyrking, seier Sigurd Kjellstad.

**Givande med dyr**

Sigurd er bestemt på å ta over drifta av garden heime på Hellesylt.

- På heimgarden driv vi med mjølkeproduksjon, og det er triveleg



Det går mot sommarferie for elevar ved vg2 landbruk på Gjermundnes vgs. Frå venstre Even Lyngvør - Vestnes, Tone Hjørungdal - Hareid, Sveinung Rydjord - Afarnes, Daniel Morsund - Eide, og Sigurd Kjellstad - Hellesylt.

og svært givande å få jobbe med dyr. Og så er det fint å jobbe ute ein stor del av arbeidstida, seier Sigurd og legg til at matprisane i Norge ikkje er høge.

- Vi brukar 11 prosent av inntekta

til mat. Det er langt lågare enn dei fleste land elles i Europa, seier Sveinung.

**Varierte dagar**

- Bondeyrket gir varierte arbeidsdagar, seier Tone Hjørungdal. Også ho kjem frå gard med mjølkeproduksjon, men har ikkje odell på garden.

- I dag er det far og bror min som driv garden. På sikt vonar eg å kunne ta over drifta etter far når han gir seg, og drive garden vidare saman med bror min, seier Tone.

**Oppretthalde matproduksjon**

Sveinung Rydjord frå Afarnes vil også ta over heimgarden.

- Vi har ikkje mjølkeproduksjon, men har sau drift på garden Ytre Slemmå, seier Sigurd.

Han er bestemt på at norsk matproduksjon må oppretthaldast, og gjerne aukast.

**Sjølvforsynte**

- Det er viktig med nasjonal mattryggleik og evna til å vere sjølvforsynte. Vi kan ikkje basere oss berre på import, og må ta vare på alt som er av landbruksareal her i landet. Vi kan aldri vere trygge på at det ikkje oppstår internasjonale kriser slik at vi kjem i ein situasjon der vi må vere meir sjølvforsynte. Også dyrevelferd må prioriterast høgt, meiner Sveinung.

**Inntektene må opp**

Det er i alle fall ikkje inntekta i bondeyrket som er drivkrafta til ungdom som vil inn i næringa. Då hadde dei truleg valt noko anna.

- Vi ser gjerne at lønnsnivået aukar ein del. Det ville gjere det enklare å ta vare på eller auke rekruttering av unge til næringa, seier dei.

**Mjølkerregionar**

Sjølv om dei har følgd med i land-

bruksoppgeret har dei ikkje vore så veldig opptekne av desse. Men Tone er glad for at 18 mjølkerregionar ikkje blir redusert til 3.

- Det ville øydelagt for distrikta, seier Tone som godt kan tenke seg vidareutdanning innan landbruk etter tredjeåret ved Gjermundnes vgs.

**Kom i gang med utbygging!**

Landbrukselevane trivst godt på Gjermundnes. Samtidig ser dei at skulen er litt gammaldags i forhold til moderne landbruk.

- Det er på høg tid å komme igang med den planlagte utbygginga og moderniseringa av skulen. Det bør skje så snart som muleg, ja helst for det også. Vi som er elevar her no får ikkje glede av det, men for å trekke elevar til skulen også i framtida er viktig at dette kjem i gang straks, seier ein utålmodig Sigurd Kjellstad.



Her er det første dag ut på beite etter ein lang periode inne i fjøset. Då er det lett å bli litt oppost, og Sigurd Kjellstad hadde sitt fulle hyre med å henge på ei viltter ku i fullt firsprang. Hestane står forundra og ser på opptrinnet. Men etter nokre minutt var kua på plass saman med resten av flokken.


ringane og privat tenesteyting kan oppleve auke i nedgangstider. hoppid.no: I bølgedalar er det viktig at det offentlege har virkemiddel som kan bidra til omstilling og ny vekst. Møre og Romsdal fylkeskommune har utvikla ein solid infrastruktur for entreprenørskap. Vi har gründerhjelpa hoppid.no som er unik i landet. Over heile fylket har kommunane hoppid.no-kontor som er plassen å starte for dei som ønskjer om å etablere eiga bedrift eller har ein god forretningsidé. hoppid.no har

eit tett nettverk av gode hjelparar som bidrar til forretningsutvikling, marknadsavklaring, kompetanseprogram og finansiell støtte. Vegen er kort frå hoppid.no til innovasjonsmiljø, som næringshagar og kunnskapsparke, og til Innovasjon Norge. Statistikken syner også at nyetablerte bedrifter er meir robuste og meir levedyktige her i fylket enn elles i landet. På lista over dei mest levedyktige bedriftene, tek vi bronseplassen. Sidan 2001 har vi hatt ein jamn vekst og ligg

no på rundt 2000 etableringar i året.

I gründerfylket Møre og Romsdal har vi vist for at vi har evne til omstilling og nyskaping. Vi trur at det sjåne gjeld i denne dypen. Ta kontakt og sjekk ut mogleghetene med hoppid.no-kontoret i din kommune.

**May-Britt Roald programansvarleg hoppid.no regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune**



Statistikken syner også at nyetablerte bedrifter er meir robuste og meir levedyktige her i fylket enn elles i landet.